

# Juleavslutning



Vi ønsker velkommen til juleavslutning ved Valestrand skule  
**onsdag 13. desember 2017.**

**Klokka 18:15** startar programmet ved tribuna. Her vil det vere innslag av Luciasong, dans og fellessong. Elevane må vere på plass *seinast* klokka 18:00.

Elevrådet serverer gløgg og FAU deler ut elektriske lys frå kl 17:45.

Vi oppmodar likevel om å betale 20,- pr familie for gløgg, og 30,- for lys (pr. stk)

Etter programmet er slutt vert det lystog. Løypa går ned i Valestrand sentrum, langs Valestrandsvatnet og bort til Bullagrana. Under lystoget går elevane saman med dei føresette klassevis.

Juleavslutninga er utandørs, så det er viktig med varme klede for både store og små.

Ta også gjerne med sitjeunderlag og refleksvest om de har.

Avslutninga er obligatorisk for elevane, og vi håper foreldre /føresette og/eller besteforeldre ønskjer å vere saman med oss denne kvelden.



Vel møtt til ein kjekk kveld - Vi gler oss! ☺  
Helsing frå FAU og skulen